

Midtfjellet vindkraft AS

5419 FITJAR

Vår dato: 03.05.2015

Vår ref.: 201104381-27

Arkiv: 317

Dykkar dato: 04.11.2014

Dykkar ref.: Erik Mortensen

Sakshandsamar:

Randi Holme

22959518/rho@nve.no

Midtfjellet vindkraftanlegg - godkjenning av detaljplan og miljø-, transport- og anleggplan for Midtfjellet fase 3 – Fitjar kommune, Hordaland fylke

Vi viser til dykkar brev datert 4.11.2014 vedlagt detaljplan og miljø-, transport- og anleggplan av for Midtfjellet vindkraftanlegg fase 3.

Saka er behandla med heimel i vilkåra for miljø- og transportplan i konsesjon datert 19.07.2007 med stadfesting frå OED datert 28.05.2008 post 4, 5 og 11.

Bakgrunn:

Midtfjellet vindkraftanlegg fase 3 er siste byggetrinn av anlegget på Midtfjellet. I fase 1 og 2 er det bygd totalt 34 turbinar med ein installert effekt på 110 MW. I fase 3 skal det byggast 12 nye turbinar og totalt installert effekt vert då 149,6 MW. Konsesjonen gir løyve til ein totalt installert effekt på 150 MW.

Bygging av dei 12 nye turbinane medfører opparbeiding av om lag 2,8 km ny veg. Dette er korte avstikkarar frå eksisterande vegnett. Arbeidet legg i tillegg beslag på areal til sjølve turbinpunkta og oppstillingsplassane. Dersom det vert naudsynt å deponere massar i samband med arbeida vert deponi som tidlegare er godkjende nytta. Det vert dessutan grave om lag 20 km kabelgrøft langs eksisterande veg. Det er utarbeidd designmanual som beskriv prinsippa for terrengarbeid og istandsetjing.

Vedtak:

Med heimel i konsesjon datert 19.07.2007 og stadfesting frå OED datert 28.05.2008 post 4, 5 og 11 godkjenner NVE framlagde detaljplanen og plan for miljø, transport og anlegg for bygging av Midtfjellet vindkraftverk fase 3 i Fitjar kommune.

Vårt vedtak føreset at dei framlagde planane for miljø og landskap ikkje går utover vilkår og krav gitt i konsesjonen. Vidare har NVE føresetnad om at naudsynte privatrettslege avtalar om bruk av grunn er på plass før anleggsarbeidet startar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Vilkår:

- NVE skal heldast orientert om når anleggsarbeidet tek til, ved viktige og/eller kritiske fasar ved byggearbeidet og når anlegget vert sett i drift.
- Det skal ikkje føregå anleggsarbeid som bygging av fundament, oppstillingsplassar og tilkomstvegar ved turbin B51, B53 og B54 i perioden april – juni.
- Vegene som er bygd som forskotering til fase 3 skal fjernast og tilbakeførast jf. NVE sitt brev datert 11.06.2014.
- Det kan frå NVE verte stilt krav om ytterlegare detaljering og krav til dokumentasjon for delar av anlegget.
- Når anlegget er bygd ferdig skal kommunen få tilsendt kartdata i eigna kartformat, med alle fysiske anlegg, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte.

Merknader:

Det er utarbeidd reguleringsplan for Midtfjellet vindkraftverk. Alle møllepunkta som er detaljplanlagt i fase 3 ligg innanfor areal som er regulert som spesialområde for vindkraftverk. To av møllepunkta som er bygd tidlegare ligg like utanfor det regulerte arealet.

Fitjar kommune har i møte 21.04.2015 behandla MTA. Kommunen føreset at vegene som vart bygd som forskotering på fase 3 vert følgd opp. NVE vil følgje opp dette i byggefasen, jamfør vilkår ovanfor.

Fitjar kommune føreset dessutan av dei to møllene som vart bygd utafor det regulerte området i fase 2 av utbygginga vert regulert i ny reguleringsplan. Konesjonæren har opplyst i at det vert sendt søknad om omregulering til Fitjar kommune.

Det er opplyst i planen at det vert teke omsyn til drikkevassførekomst slik som i første byggetrinn.

Det er opplyst at der ikkje er automatisk freda kulturminne i området og at undersøkingsplikta er oppfylt i samband med første utbyggingstrinn. Ved eventuelt funn av nye kulturminne vert anleggsarbeidet stogga og fylkeskommunen varsla. Nyare tids kulturminne er merka på eige temakart, og det er opplyst at desse vert tekne omsyn til i anleggsarbeidet.

NVE si vurdering:

Det går fram av Fitjar kommune sitt vedtak datert 21.04.2015 at kommunen ser med uro på at det i enkelte soner er støy som ligg *på* støygrensa som er sett i reguleringsplanen og har ei klar forventning til at ei utviding skal ta omsyn til dette.

Det er gjennomført etterundersøkingar for støy i 2009, 2013 og 2014. Det er dessutan gjort berekningar av endringar i støynivå som følgje av utvidinga. Rapport frå undersøkingane er lagt ved søknad om godkjenning av MTA. Undersøkingane konkluderer med at utbreiing av støy kan bli endra med inn til 1 dB, men at ingen nye bygningar får støynivå på eller over reguleringsgrensa som følgje av utvidinga.

Med bakgrunn i vedlagde dokumentasjon finn ikkje NVE grunnlag for å setje vilkår om støymålingar. Vi er likevel samde med Fitjar kommune i at det er viktig at konsesjonæren har fokus på støy også i driftsfasen.

Det er lagt fram eige temakart som viser viktige område for plante- og dyreliv, friluftsliv, vern og område det skal takast omsyn til. Tre av dei nye turbinpunkta, B51, B53 og B54 ligg i eit hekkeområde for fugl. I KU som er gjennomført er det tilrådd å «avgrense arbeidet i hekke- og yngleperiodar for fugl og pattedyr. Sensitive periodar vil vere april-juni». Konesjonæren har lagt opp til å avgrense anleggsarbeida i tid og rom, og å ta særskilde omsyn dersom det vert oppdaga hekkande fugl.

Arbeida med turbinpunkt og oppstillingsplassar vil vere den aktiviteten som kan føre til forstyrrende støy for hekkande fugl. Med bakgrunn i dette finn NVE det nødvendig å setje vilkår om at anleggsarbeid ikkje skal føregå ved turbinpunkt B51, B52 og B53 i perioden april til juni.

Anna:

Vindkraftanlegg må avklarast i høve til arealdelen i kommuneplanen eller eventuelle reguleringsplanar. NVE legg til grunn at søknad om omregulering vert sendt til Fitjar kommune.

Høve til å klage:

Denne avgjersla kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
Avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til::

Fitjar kommune
Midtfjellet vindkraft AS v/Erik Mortensen